



# IHM

# info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – April 2002

**I dette nummeret av IHM-info kan du lese meir om desse sakene:**

- Kampanje mot miljøfarleg avfall
- Er du lei all reklamen i postkassa?
- Innsamling av plastemballasje, korleis gjer det?

## Kampanje mot miljøfarleg avfall

Avfallsbransjen har i lengre tid planlagt ein landsomfattande kampanje mot miljøfarleg avfall. Kampanjen skal gjennomførast no i mai månad. Den skal vere med på å gjere oss meir medvitne om kva farlege stoff me omgjev oss med, og vise oss korleis me kan verte kvitt slikt farleg avfall utan at naturen, og i neste omgang me sjølve, vert skadelidande.



### IHM ER MED

I IHM meiner me at dette er ei viktig markering. Me vil difor følge opp med lokale tiltak i våre 6 kommunar. Me vil m.a. leggje til rette for ein open dag på dei sentrale miljøstasjonane og på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg. Her kan alle få levere inn miljøfarleg avfall, og me vil svare på spørsmål så langt kunnskapen rekk. For hushald er det gratis å levere inn miljøfarleg avfall, kostnaden med dette er rekna inn i renovasjonsgebyret. Verksemdar betalar sjølve kostnadene med å verte kvitt avfallet. Sjølv sagt er det også mogeleg å levere inn anna avfall denne dagen. IHM vil vere aktiv i forhold til lokale media i perioden. Me vil og samarbeide med lokale lag og organisasjonar om tiltak og opplysningsarbeid.

På dei neste sidene vil du få litt informasjon om miljøfarleg avfall og korleis du kan verte kvitt det. Du kan og lese meir om kva som skjer i kampanjeperioden.

### NYE OPNINGSTIDER PÅ BJØRKEMOEN

Me minner om dei nye opningstidene på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

**Måndag - fredag: kl. 08.00 til 14.30**

*Kvar torsdag er det i tillegg utvida opningstid til kl. 18.00*

## Stopp reklamen

Kvart år tek norske hushald imot utallige tonn uadressert reklame. Dersom du er ein av dei som irriterer deg over at du får så mykje «avfall» i postkassa di utan at du har bede om det, kan du gjere noko med det. I denne utgåva av IHM-info finn du eit illegg med nyttig informasjon om emnet. Her er og klistremerke du kan merke postkassa di med dersom du ønskjer å reservere deg mot uadressert reklame. Er du lei all reklamen i postkassa, kan du no seie stopp, samstundes som du gjer ein innsats for miljøet.

*På side 3 kan du lese meir om reklamestopp.*



Illustrasjon:  
Solveig Anderssen, Ibox AS



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

er eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming.

Adresse: Postboks 161  
5701 Voss

Kontor: Vangsgata 22B  
5700 Voss

Telefon: 56 52 99 00  
Telefax: 56 52 99 01

E-post: ihm@ihm.no  
Heimeside: www.ihm.no

# Miljøfarleg avfall på avvegar



Meir enn 30 000 tonn miljøfarleg avfall kjem på avvegar kvart år i Noreg. Store delar av dette endar på fyllingar og i forbrenningsanlegg, og kan føre til alvorleg forurensing.

Miljøfarleg avfall er mellom anna spesialavfall som olje- og malingsrestar, lim og plantevernmidde. Men det er også elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall), altså alle produkt som går på straum både frå straumnettet og batteri. Døme på det siste er kjøleskap, TV-apparat, elektriske verktøy, leiker, ur og mobiltelefonar.

## Lever til Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg eller til sentrale miljøstasjonar

Me treng di hjelp for å få slutt på at miljøfarleg avfall endar i deponiet på Bjørkemoen. Maling, lim, lakk, olje og bilbatteri skal leverast til mottaket på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg eller dei sentrale miljøstasjonane. EE-avfall kan leverast gratis til alle butikkar som sel den typen produkt det gjeld. Dette er uavhengig av kvar du har kjøpt produktet. Du treng heller ikkje kjøpe noko nytt for å levere. EE-avfall kan du også levere på ein sentral miljøstasjon eller til mottaket på Bjørkemoen.

## Kast ikkje i toalettet

Ein del miljøfarleg avfall vert tømd ut i vasken, toalettet eller på bakken. Farlege stoff forsvinn ikkje berre du får dei ut av huset. Dersom slikt avfall vert kasta i toalettet, vil det renne ut i bekkar, innsjøar og fjordar, der det kan skade dyr og plantar. Dersom fisk får i seg dei farlege stoffa, kan menneske få dei i retur via maten. Ein liten oljeskvett er nok til å øydeleggje 100 000 liter drikkevatt. Hugs at også white-spirit skvetten du brukar til å reingjere malingskostane med, er spesialavfall. Hell dette tilbake på ei flaske, merk det og lever det til ein miljøstasjon.

# Hugs

at du aldri kastar miljøfarleg avfall i naturen.  
Tungmetall følger næringskjeda og hamnar til slutt på ditt eige matbord.

## Kjøp mindre farlege stoff

Det viktigaste ein kan gjere, er å kjøpe mindre farlege stoff. Lus på rosebusker kan du verte kvitt ved å dusje med grønsåpevatn. Du treng ikkje luseknekke. Har du fått maling på hendene, kan du fjerne dette med smør. Du treng ikkje white-spirit til dette. Hugs også at det ikkje er særleg bra å vaske hendene med løysemiddel. Ugras kan fjernast ved å bruke spade eller ved å strø grovsalt. Plant lauk innimellom gulrotplantar, bytt åkerlapp av og til. Dette og ei rekkje liknande råd er med på å avgrense giftmengda vi pøser ut i naturen. Her er det mykje lærdom å hente hjå dei eldre. Av og til er det likevel naudsynt å ta i bruk gift. Då er det viktig å lese brukarrettleiinga godt og levere restane til lovleg mottak.

# Rettleiar

for miljøfarleg avfall:

## Spesialavfall:

Maling, lim, lakk, white-spirit, oljeprodukt, raudsprit, salmiakk, spylevæske, avfeittingsmiddel, bonevoks, låsolje og andre bilpleiemiddel, fotokjemikalier, sølpuss, neglelakk, blykorkar, kvikksølvtermometer, korrekturlakk.

Lever til ein sentral miljøstasjon eller Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

## Elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall):

Elektriske omnar, lysarmatur, lampar, lysstoffrøyr, sparepærer, vaskemaskiner, kjøleskap, fryseboksar, komfyrar, kjøkkenmaskiner, TV-apparat, PC-ar, TV-spel, fjernstyrte bilar, bøker med lyd-effektar, leiker som blinkar eller brakar og andre elektroniske leiker, ur, klokker, elektriske måleapparat, hårfønarar, elektroniske tannbørstar, mobiltelefonar, trådlause telefonar, elektroniske verktøy, leidningar og kablar.

Lever til ein butikk som sel den typen produkt du vil kvitte deg med, eller lever til ein sentral miljøstasjon eller Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.



## PCB-haldige vindauga:

Alle isolerglasvindauga produsert mellom 1965 og 1975. Produksjonsåret står som regel i aluminiumsramma mellom glasslaga. Er du usikker, skal vindauget leverast som om det inneheld PCB.

Lever heile (med karm) til ein sentral miljøstasjon eller til Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

## Medisinrestar:

Lever til apotek.

## Ammunisjon, sprengstoff, fyrverkeri:

Lever til politiet

# Aktivitetar i kampanjeperioden

I byrjinga av mai vert «Kampanjen mot miljøfarleg avfall» opna av miljøvernminister Børge Brende. Landsdekkande tal om manglande innlevering av spesialavfall frå små og mellomstore verksemdar vert presentert. IHM vonar på eit godt samarbeid med lokale media slik at abonnentane i Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss vert haldne orientert om aktivitetar i kampanjeperioden. Du vil og finne informasjon om kampanjen på våre heimesider: [www.ihm.no](http://www.ihm.no). I samband med kampanjen vert det i mai sendt ein TV-reklame på «fulle fem», NRK. På Voss kino vert det og sendt reklame i heile mai.

I løpet av kampanjeperioden vert det gjennomført ein spørjekonkurranse om miljøfarleg avfall på internett. Her vert det fine premiar, så følg med!

Torsdag 23. mai (onsdag 22. mai i Granvin) vert det *open ettermiddag* på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg, og på dei sentrale miljøstasjonane. Denne ettermiddagen i mai vonar me at mange tek turen for å kvitte seg med miljøfarleg avfall, slik at det ikkje kjem på avveggar. Her kan du og få svar på spørsmål du måtte ha om slikt avfall. Det vert enkel servering og kan hende ei overrasking til dei som kjem innom.

Gjennom heile kampanjeperioden vil IHM samarbeide med lokale lag, organisasjonar og med offentlege institusjonar om ulike tiltak og opplysningsarbeid. Dersom nokon har gode idear eller ønskjer å gjere noko for miljøet på denne måten, ta kontakt med IHM.

## Avgrens mengda elektronikk

Me har fått ei rekkje nyttige elektriske produkt som hjelper oss i kvardagen. Men me får også tilbod om haugevis av unyttige produkt som berre er til for å more oss eller løyse problem me ikkje har. Leiker som blinkar eller brakar er som regel drivne av batteri. Kvart år vert det kasta 2000 tonn elektriske og elektroniske leiker i Noreg. Desse inneheld ca. 5 tonn bly, 4 tonn flammehemmarar, kadmium og kvikksølv. Julenisseluer som blinkar, bursdagskort

med melodi, fjernstyrte bilar og haugevis med liknande leiker inneheld farlege stoff. Lever desse tilbake til leikebutikken når dei vert avfall, men prøv først og fremst å avgrense denne typen innkjøp. Den miljømedvitne prøver også å avgrense mengda trådlause telefonar, mobiltelefonar og andre hjelpemiddel. Kor mange har til dømes så store problem med å opne ein hermetikkboks at dei må ha ein elektronisk boksopnar?

## Er du lei all reklamen?

Er du lei all reklamen? No er det på tide å gjere noko med det. Nye lovendringar gjer det enklare å reservere seg. Du treng ikkje lenger å gå på postkontoret for å reservere deg mot uadressert reklame. Det held med ein lapp på postkassa.

Ei spørjeundersøking viser at ni av ti syns dei får for mykje reklame i postkassa, men berre ein av ti har reservert seg mot denne reklamen. Er postkassa skikkeleg merka med melding om at du ikkje ønskjer reklame, er alle pliktige til å respektere dette. Dei nye reglane gjer at postbodet no må notere seg kven som ikkje ønskjer reklame. Postbodet skal også gje beskjed



til teljesentralane i posten slik at denne reklamen ikkje vert trykt opp eller fordelt. Andre som ber rundt reklame må også respektere dette. Saman med Naturvernforbundet i Hordaland har IHM trykt opp klistremerke til alle hushalda i IHM-regionen.

Les du reklamen du får i postkassa, treng du ikkje ha dårleg samvit fordi om du ikkje set opp ein slik lapp. Men me vil unngå at mykje av innhaldet i postkassa vert tømt direkte i papirdunken. Reklamen er ei utgift også for dei som reklamerar, dei er ikkje interesserte i at reklamen skal verte bos utan nytte!

Å reservere seg mot reklame er ein av dei enklaste måtane å redusere avfallet på. Reserver deg du óg.

## Om avfall og reklame

I 2001 produserte kvar innbyggjar i IHM-regionen 287 kg avfall, av dette var 35 kg papir. Dersom me forsiktig reknar at tredjeparten av dette er reklame og dersom kvart tiande hushald i IHM-regionen reserverar seg mot reklame, vil dette tiltaket åleine føre til 27 tonn mindre avfall kvart år. Det er ein reduksjon som monnar!

# Innsamling av plastemballasje

Ordninga med innsamling av plastemballasje i sekk har no vore i drift ei stund. Ein god del har teke ordninga i bruk, og hittil har me fått mange positive tilbakemeldingar. Dei som alt har starta, ser at plasten utgjør ein stor del av avfallet.



*Ressursar attende på rett veg - dei fyrste sekkene med plastemballasje kjem til Bjørkemoen*

## Her er nokre spørsmål som går igjen:

### Kva er plastemballasje?

Bruk ikkje for mykje tid på å lure på kva som skal i sekken. Er det emballasje, og det ser ut som plast, kan det gå i sekken. Dersom det er blanding av t.d. papir og plast, som i smørbegeera, eller aluminium og plast, som i kaffiposer og chipsposer skal det i restavfallet. Plastemballasje med papiretiketter kan likevel gå i sekken fordi papirdelen er så liten.

**NB! Plastemballasje som det har vore spesialavfall i må ikkje kastast i sekken.**

### Kvifor er det små hol i sekkene?

Dei små hola er der for at sekken ikkje skal sprekke når han vert pressa saman i boscilen.

### Kvifor skal korkane skruast av plastflaskene?

Plastflaskene og korkane er av ulik type plast og må derfor sorterast frå kvarandre før gjenvinning. Avskrudde korkar lettår arbeidet for dei som står ved sorteringsbandet.

### Kjem det ikkje vatn inn i hola når sekken står ute i regnet?

Når sekken er full og knytt godt att, vil plasten inni sekken trykkje mot overflata slik at hola vert tetta. Det er difor liten fare for at vatn trengjer inn i sekken, sjølv om han står ute i regnet.

# Hugs

- at sekken må vere full når du set han fram (vent til neste papirhenting dersom sekken ikkje er full)
- å knyte sekken godt att (knyt stram dobbeltknote med handtaka på sekken)
- ta kontakt med teknisk etat i kommunen eller din sentrale miljøstasjon dersom du manglar sekker eller rettleiingsfoldaren som forklarar korleis du skal sortere plastemballasjen
- å kontakte IHM sitt kontor 56 52 99 00 dersom du lurar på noko

**Lukke til vidare!**

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE